

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12. Fylke: Hordaland.
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Austevoll.
 Emne: Gamal engkultur. Bygdelag: Stolmen
 Oppskr. av: Johan Tuftealand Gard: Gåsnes.
 (adresse): Stolmen G.nr. 18. Br.nr. 8 og 9.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Tomas Aarland, 71 år, Stolmen, garabr. og fiskar.

SVAR

Ein kan ikkje seia at bruksmåtane i gardsbruket har
 brigda seg mykje her på øya dei siste hundre åra. Det
 er fisket som er hovudyrket, og folk har vanleg lite
 tid til å tenkja på gardsbruket. Skiftebruk er det
 svært lite. Mange gardar er so grunnienate at det er
 uråd å bryta jorda til åker alle stader på desse
 gardane. Det er jannast berre ein liten del av garden
 som høver og duger til åker og der vert so åreren
 liggjande i mannsaldrar. Einaste skiftebruket vert då
 at ein skifter med korn og poteter slik at dei åkrane
 som har korn eit år, vert potetåkrar neste år. Men ikkje
 alle stader høver dette heller. Somme åkrar er fulle
 av stein og sand (skjelsand). Desse åkrane høver godt
 til poteter, men ikkje til korn. So vert desse potet-
 åkrar kvart år. Potetene er ikkje so gamle her. Siri
 Aarland, f. 1852, fortalde at foreldra hennar hadde
 berre ein liten åker til poteter. Denne åkeren var
 ikkje stort større enn eit stovegolv. Soleis var det
 på dei andre bruka og. I 60 - 70 åra vart det ikkje
 satt meir poteter enn at potetene vart oppetne til jul.
 Mest all åkeren vart nytta til korn. Når so åkrane
 låg på same staden støtt, vart det ikkje noko
 skiftebruk.

2.

1. Ordet eng (ei) vert nytta om den beste delen av vollmarka på garden. Orda bakke, myr og voll vert og nytta. Det som har vore åker, men sidan er vorte eng, kallar ein attelegg (eit). Det kjem sikkert av "å å leggja att" åker - så ein åker til med grasfjø og gjera han til grasmark. Der det veks mykje saftigt gras av di det er våt og feit jord, kallar ein det tøn (ei). Kallar graset på slike stader tøngras. Det plar veksa mykje hovgras på våt mark. Hovgras - hestehov. Kyrkjegras og finnskjegg er hardt stritt gras som er serleg tungt å slå. Det veks på turre haugar eller andre gjødselvatige stader og vert saman med anna smått gras som veks på slike stader kalla småhøy, skrapnøy eller smalagrass (av ~~av~~ at dette høyet helst går til smalen - sauene).

Før brukte ein mykje stutturv til å slå med, alltid på steinete stader, framme berg og urar og oppi bergskorer og på tuvet og ujamn voll. Berre der det var heilt flatt og slett brukte dei gamle langorv. Det er stor skilnad på gardane i so måte, og difor var det nokre gardar der dei slo det meste med langorv, men på dei fleste gardane slo dei storparten av høyet med stutturv og på nokre få tungvinte gardar bruka dei omlag berre stutturv. Alle stråa skulle slåast og dei skulle skjerast av heilt nede ved rota. Dei som var mest nøgne på det, la seg ned og kika bort over det dei hadde slege og såg etter ragestrå (slike strå som stod att og raga opp eller raga i vinden), seier segna.

Der det ikkje var stein og nokolunde slett, kunne ein bruka begge nevane på Ijässorvet. Men var det stein eller vrangt å koma til inn mellom bergknausane, måtte ein svinga Ijæen med høgre handa og so trykkja graset inn mot Ijæen med ein grasott som ein heldt i vinstre handa. Denne dotten måtte ~~xe~~ ein finna seg på ein stad der det vaks høgt stivt gras - dottagrass.

Kunsten å slå med dott er sein å læra, men med litt godt handelag og lang øving kan ein koma langt. Når ein brukar dott, slepp ein slå so hardt til med ijaen og skjemmer ÷ han ikkje so snart ut i steinar og berg. Men det er mykje tyngre å slå med dott enn utan. Graset veks jamt høgt og tett på små jordklattar inne i solvarme bergskorer. Dette graset skulle alltid slåast. Dei kalla det skåraslått eller å slå i skårane. Det vart og kalla skrapslått.

2. Rydjing. Det er berre nokre få stader det veks tre her på øya og difor slepp ein rydja på lauv og kvister. Om våren er det vanleg å rydja på marka. Utvatna møk vert raka saman i dungar. Kallar det rydjemøk og rydjedungar. Småstein som hønsa har sparka utover eller som ungane har kasta kring på bøen, vert raka saman og rydja bort. Det kan og vera stein eller spikar og anna jarnskrap som er kome utover med domøka, som ein må rydja bort. Dei gamle rydja på den måten at dei grov ei vid hole i jorda der det var djupast. Ned i denne hola grytte dei steinen som dei rydja av bøen. Oppå steinen hadde dei so noko mold so hola grodde att. Men dette vart alltid vassjuke og sure mosehol som det aldri grodde skikkeleg gras på.

3. Mosevaksen eng. Det var vanleg å bera domøk ut på mosetuene. Domøka brende mosen so han vart borte nokre år. Då kom det vanleg godt gras "av seg sjølv". Det var bruka å sopa saman grasfrø på låven eller i tufta (der høystålet hadde vore) og so så det på attlagde åkrar eller på molda over attlagde holveitar. Det er ikkje meir enn 50 år sidan gardbrukarane her tok til å kjøpa grasfrø. Når ein skulle leggja att ein gamal åker, spadde ein åkeren om våren som vanleg korn-åker og sādde i han ei blanding av korn og "oppsop" av frø frå løa. Dette vaks opp ilag og vart slege tidleg

4.

på sumaren før kornet sette aks. Ein skulle ikkje ha kornaks i høystålet for det ol opp rotte i løa.

4. Myr og vassjuk eng. Vatning.

Det er gamle holveitar eller steinsette veitar mange stader på gardane ~~her~~ her. Sume av desse veitane (ei veit) er sikkert gamle. Men meir enn 100 år er dei vel ikkje. Dei gamle veitane har vore grunne sjeldan over 50 cm. No ligg denne steinsetjinga heilt oppe i grassvorden, og molda har ikkje minka so mykje anna der det har vore åker. Frå gammalt har det vore nytta både opne veitar og overdekka veitar (holveitar).

- a) Spaveit. Spadde opp ei enkel torve i trekanta profil og la torva kvelvd på nedre kanten av veita. Desse veitane skulle føra flaumvatnet mest mogeleg ut over bøen og dei vart spadde opp tidleg på våren. La torvene ned att ut på føresumaren og so grodde graset til der veita hadde vore. Det var serleg nedior mottinga ein tok slike veitar; dei spreidde gjødselvatnet vidt utover so det vart ein stor og frodig grasbakke.
- b) Open veit. Spadde opp ei open veit oml. 50 x 50 cm. Noko smalare nede enn oppe. Molda bar ein i moldfattige åkrar. Veita hekdt seg open 10 - 20 år og grodde so att om ho ikkje vart spadd opp att. Det synte lenge ein søkk i marka etter ei slik veit. I dette søkket var det vanleg at det vaks mykje mose. Første åra var desse veitane ei stygg felle for smålamma som jamt ramla ned i dei og vart liggjande der i olvelte til dei kreperte.
- c) Open steinsett veit. Slike veitar var (og vert) nytta der det var so flatt at vatnet rann seint. Ei ~~veit~~ ^{attlagd} veit som ligg flatt, vert snart stengd att av mold og gjørme. Open veit vert og nytta på ~~slike~~ stader som ligg slik til at veita må gå ut i sjøen. Sjødraget kan setja tang og tare og anna som rek, fast i ei attlagd veit og stengja henne.

d) Gamaldags steinsett veit. Desse veitane var oml. 50 cm djupe. Trekanta eller flate steinar vart sett i botnen på dei. Dei vart snart tette, og steinsetjinga kom snart opp i grassvorden.

e) Steinsett holveit. Spadde først grastorva opp der veita skulle gå, og la grastorvene til side so ein kunne leggja dei nedatt øvst i veita med grassvorden opp når veita var ferdig. Spadde opp veita like ned til auren eller ~~gæ~~ berget - eller i djupare jord 1 - 2 m djup. Køyrdde stein fram til veita og valde ut store trekanta eller flate steinar. Sette desse i botnen på veita slik at det vart to eller tre renslar mellom dei. Tetta til med medels stein oppå dei og liten stein opå der att, og til slutt vart det jamna over og tetta mest mogeleg godt til med grus og pukastein. Ein kunne og leggja ~~grassvorden~~ grastorvene med grassvorden ned på steinane. Sume sank ~~stein~~ tang og marlauk og la over steinsetjinga i ^{xxx}veita - dette gjødsla godt. Øvst i veita skufila ein mold og øvst sette ein grastorvene. Slike veitar kom i bruk kring 1900.

f) Kisteveit. Dei som hadde store tjukke steinheller (takheller t. d.) mura kisteveit. Mura eit stykke opp men sidene i veita og la hellene tett i tett over sidemurane. Dette var ei god veit, ho stod lenge og svalde mykje vatn,

g) Tønneveit. La tjøretønner eller vanlege tønner etter ein annaa i veita so det vart ei neil røyr. Botnane var tekne or tønnena - ein bruke berre strokkane. På garden Østervold (1 mil nordaust for Stolmen) la dei tønneveitar lenge før 1900. Dei fann ut at desse veitane heldt seg i 50 år. Her på Stolmen la dei og slike veita kring 1900, men her stod dei berre 8 - 10 år. Dei meinte det kom av at det rann for lite vatn i veitane her og so morkna tønnene og seig saman.

h) Brakaveit. Istaden for stein har dei stundom bruka brake (einer) og hun (kantane som fell av stokkane når dei vert sagde opp til bord eller plank). La brake i botnen på veita og so eit lag med hun oppå ~~kråke~~ braken, og skufla mold over dette att. Braken rotnar svært seint, og det er difor truleg at desse veitane heldt seg lenge. Dette var ein svært gamal måte å gjera det på, og det finst ikkje slike veitar no.

(Det kjem rit av desse veitane til slutt.)

I den første verdskrigen (1914 - 18) vart gardbrukarane pålagde å bryta ny åker, rydja ny jord og gjera den gamle jorda betre. Då først kom det skikkeleg sving i veitegravinga her på øyane so mest alle gardane vart utveitte der det trongst.

- - - - -

Tomas Aarland, f. 1877, var ein av dei første her på øya som grov skikkelege veitar på garden sin. Han tok til med dette arbeidet litt før 1900. Han grov djupe veitar og steinsette dei godt, mura kisteveitar og la tønneveitar, prøvde seg fram med mange slag veitar og mange slag steinsetjing. På denne måten rekk han garden sin svært fin, og utmarka arbeidde han om til fint kulturbeite. Han har rydja og murt opp til 5 m høge murar i bergsmoga rundt garden sin til vern mot nordanvinden, salt havtrekk og sjørok som kjem drivande inn over heile øya når det kjem upsever. På lunaste stadene har han so planta eple-, plome- og pæretre og avlar kring 500 kg fin frukt kvart år. Å få ein gard fin og grøderik inne i fjordane eller inne i landet der det er rikeleg med feit jord og varmt og drivande ver det er ikkje nokon trollkunst, men å få det til her ute i havskjera der andre folk knapt får ein bærbusk til å trivast, det er eit mannsverk. Attåt at han har drive fiske sumar og vinter og stundom vår og haust har han arbeidt trutt med jorda si for det meste heilt åleine, og då er det ikkje rart at han tykkjer det er godt å sjå litt frukt av arbeidet sitt.

5. Gjødsling.

Det er svært gamalt å gjødsla enga her.

Omlag 1/3 av møka vert bruka på bøen. Ein har vanleg bruka både kumøk og smalemøk. Bar vanleg smalemøka til dei stadene som låg lengst borte frå husa. Omlag halvparten av åkeren vart for 50 år sidan nytta til korn. Gjødsla kornåkeren godt. Potetene fekk lite gjødsel, dei vaks godt likevel rekna ein med. Ungane gjekk i utmarka og henta mose som ein strøydde i smalehuset. Då vart det mykje god smalemøk (blanda med møde). Bruka 30 kiper (10 lass) møk på eit mål. Dei fleste bar ut møka i kiper - og mange gjer det enno. Det går ikkje so seint og det er ikkje slikt eit grisaktigt arbeid som den lett kan tru som ikkje har forsøkt det. Det er rå gardsbruk som nar hest. Det er vrannt å koma fram med kjerre, og so vert hesten for tung på føret på eit lite bruk med berre to eller tre kyr.

6. Hadde ikkje noko serskilt mamn på eng som var gjødsla eller gras som var vakse på slik eng. Det kan nett vera ordet tøgras som vert nytta litt.

7. Løa, smalehuset og grisehuset, ja hønsehuset med, vart jamt sette slik at tøa seig ned på god myr eller eng. Myra ned for løa kalla ein alltid løsek (ei). Gjødselvatn frå mattinga seig ned gjennom løseka so det vart alltid mykje gras der. Det vart veita ut som nemnt føt.

Åkrane la dei mest alltid i bakkar eller på naugar. Det kunne vera både tjue og tredve små åkrar rundt på garden ofte svært langt frå tunet og uthusa. Desse åkrane låg jamt på eng som høyrde til andre bruk, og det var då vanskeleg å vita kor langt ein skulle spa ut i reina for kvart år. Sume hadde lag til å ta for mykje og det var eit låkt merke å rå på seg, men på den andre sida so var åkeren "neilag" -nan måtte

8.

ikkje få gro att. Det heiter "å reina frå", gløynde ein det so grodde åkeren att og minka litt etter kvart.

8. Alle gjødsla enga om våren i april. Nytt same reiskapane som til åkeren. For 50 år sidan bruka alle tregreip. Ho hadde tre tindar og var av eik eller ask. Jarngreipa kom for 40 år sidan, men sume bruka tregreip etter at jarngreipa var koma i bruk og mange bruka begge slaga ei tid.

Dei som ikkje hadde hest, bar ~~dei~~ møka i kipe. - I 1867 var det ikkje hest her på Stolmen - kring 20 bruk. I heile kommunen - kring 100 bruk - var det 3 hestar, alle på ei øy. - - Sette kipa på ei tønne eller ein høg kasse, då var det lettare å "fara for" kipa. Tømde møka or kipa over aksla. Med litt øving går dette godt. Kipene er gi~~ane~~ne so det sig alltid noko vate or dei når ikkje møka er heilt turr. Ein må difor bruka gamle klær når ein skal bera møk. I fyrstninga vert ein snart sær på akslene av ratlane og på ryggen av kipa. Det er vanleg å leggja ein samanlagd sekk mellom kipa og ryggen. Kvart år vert det bore ut mange tusen kiper møk berre jher på øya. Sume brukar handkjerre, men det fell svært tungt der det er noko ujamn veg.

Smalemøka ligg i ein hard nedtrakka bedde. Det var alltid eit av dei verste taka å få smalemøka sundhakka. Sume bruka øka og hogde møka sund i små stykke. Det var og vanleg å bruka hakke eller pikke. Smalemøka lyt ein få sund på same måten framleis når ein skal bruka henne. Ho er framifrå god gjødsel på potetåker-serleg sandåker.

9. Sauene går og beiter heimebøen heile vinteren. Dei kjem berre inn om natta og når det er mykje snø og anna følt ruskever. Kyrne beiter på heimebøen om hausten. Dei står i band so lenge ein held på med haustonna og ikkje har fått all avlinga i hus, t. d. kornet. Når ein har fått alt i hus, slepp dei laus og går og beiter so

9.

lenge det er ver for dei å vera ute. Det hjelper på inneforet at husdyra ~~er~~ går lenge ute og beiter om hausten. Graset vert jamnare og tettare når smalen går ei tid og beiter om våren, trur sume. Attelegga vert vanleg inngjerde. Kjem kyrne inn der, trakkar dei sund den veike grassvorden og riv opp grasrøtene. Elles vert heile bøen beita både vår og haust.

10. Dette har ikkje brigda seg noko større.

11. Det har ikkje vore gjort noko med gjødsla som dyra la etter seg på beitet anna enn at sume kanskje sparka litt til ruvene når dei gjekk framom dei. Har ikkje namn på serskild reiskap for dette, og veit ikkje om slik ein reiskap her.

12. Mest alle gardsbruka har uteflor. Der vert kyrne innbutne om sumarnettene. For 50 - 60 år sidan var det berre nokre få uteflorar. Enno er det sume bruk som ikkje har uteflor. Gjødsla frå utefloren vert nytta på heimebøen eller på åkrar. Summe gjødsjar utmarka, men berre til beite ikkje til slåtteng.

13. Det har ikkje vore "innhegningar" her. Heller ikkje grindgang eller kvæing.

14. - - -

15. Fillemenn har vore nytta til å skræma bort såkråke og måse som kan vera like vond til å gjera ska på såa som kråka. Andre "rovdyr" er det ikkje her.

16. Heldt ikkje vakt om natta.

17. Det har ikkje vore gjetslebruk her i dei siste hundre åra. I svært gamal tid hadde stolmarane sætrar på ei onnor øy, Selbjørn. Det fortel namn som Årlandssætre, Vågasætre, men ingen kan minnst eller har høyrte segn om at det har vore sæterbruk der.

18. Har ikkje hatt sauefjøs på hjul.


19. Ordet støl er bruka her, men ikkje i denne tydinga.

Ein gard heiter Stølo, det var vel ein mjølkeplass
i gamle dagar.

20. Nokre stader heiter Træet, det har truleg vore
kalvegjerde der.

21. Fiskeavfall har vore nytta til gjødsel - slo,
(fiskeinnmat), fiskehovud og heil fisk t. d. pigghå.
Tang har vore nytta på åkrane. Dekka kornåkeren med
tang etter at kornet var sått. Kornet kom so fint opp
mellom tanha, og ugraset vart halde nede.

Opne veitar og holveitar.



Ein som ber møk.



Han har oppi kipa.



Han ber.



Han tømmer kipa.

Johan Tuffeland,
Gloppen.

Lordalund
Huslevoll.
I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR: NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bora vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Nei.

2134

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING